



Møteinnkalling

Utval: KULTUR,- MILJØ- OG ENERGIUTVALET
Møtestad: Gomerhuset, møterom v/adm.avd
Møtedato: 09.02.2011 **Tid:** 18.00

Eventuelt forfall kan meldast til telefon 70 24 40 00.
Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

SAKLISTE

Sak nr.	Arkivsak
1/11	08/448 TILSKOT TIL LAG OG ORGANISASJONAR - OPPRETNING AV "MIDLAR TIL KULTURPROSJEKT" (sakshandsamar: Magne Fylling)

Skodje, 1. februar 2011

Bjørn Nedreskodje
leiar

Judith Vik
Judith Vik
politisk sekretær



Arkivsak nr.: 08/448

Arkiv: 223 C00

Sakshandsamar: Magne P. Fylling

Sak nr.:	Utval	Møtedato
56/08	Oppvekstutvalet	26.08.2008
40/08	Kommunestyret	09.09.2008
1/11	Kultur,- miljø- og energiutvalet	09.02.2011
/	Kommunestyret	

TILSKOT TIL LAG OG ORGANISASJONAR - OPPRETNING AV "MIDLAR TIL KULTURPROSJEKT"

SAKSDOKUMENT:

Statuttar for kulturfond
Statuttar for kulturmidlar

SAKSOPPLYSNINGAR:

Statuttar for tildeling av kulturmidlar (Vedteke i kommunestyret 24.11.2009):

1. Formannskapet deler årleg ut kulturmidlar.
2. Kven kan søkje ?
Alle frivillige lag, organisasjonar og einskildpersonar som driv kulturarbeid i Skodje kommune, eller for innbyggjarar i Skodje kommune, kan søkje om kulturmidlar.
3. Prioriteringar
Kultur- og haldningsskapande arbeid for barn og unge skal prioriterast.
4. Krav til søknaden
Søknadsfristen er 1. april kvart år.
Søknaden skal vere på fastsett skjema.
Alle punkt skal ha relevante opplysningar.
Manglande utfylling kan vere grunnlag for å avvise søknaden.

Som vedlegg bør søknaden innehalde dokumentasjon på hovudpostane i rekneskap og aktivitetsplan. Årsmelding frå året før bør ligge ved.

Søknader som ikkje kjem inn innan fristen har ikkje krav på å bli handsama.

Statuttar for kulturfondet (Vedteke i kommunestyret 09.09.2008):

1. Alle friviluge lag og organisasjonar registrert i Skodje kommune kan søkje.
2. Midlane skal brukast til heil- eller delfinansiering av materiell/utstyr/hjelpemidlar så som t.d. ballar, nett, stolar, bord, notar, instrument, klokker, høgtalarar, div. tekniske hjelpemidlar.
3. Øvre grense for tildeling av midlar er kr 10.000.
4. Det skal ikkje løyvast midlar til allereie fullfinansierte tiltak.
5. Midlane skal lysast ut ein gogn i året og saman med utlysing av kulturmidlane.
6. Formannskapet vedtek løyvingane etter innstilling frå rådmannen.

Siste åra har Skodje kommune sett av om lag kr 250.000 til kulturmidlar og kulturfond. Storparten har blitt tildelt som kulturmidlar, dvs. driftstilskot, og inntil kr 50.000,- gjennom søknader til kulturfond.

VURDERING:

Skodje kommune har eit rikt kulturliv, med mangfaldig tilbod til barn, unge, vaksne og eldre. Det er mange frivillege som gjennom lag og organisasjonar står bak desse tilboda.

Kommunen har siste åra brukt fleire verkemiddel for å legge til rette for frivilleg innsats:

- vere aktiv i utvikling av nye anlegg, t.d. kunstgrasbana og Gomerhuset
- stille kommunale bygg til disp.
- yte rein støtte gjennom tilskotsmidlar til kulturmidlar og kulturfond
- yte administrativ hjelp, t.d. ved spelemiddelsøknader og bruk av kommunale bygg.
- støtte enkeltprosjekt med pengar eller lånegaranti

Ved siste behandlingar av tilskotsmidlane har formannskapet drøfta klarare kriterium for fordeling. Ønsket er å bruke pengane på ein målretta og rettvis måte.

Det er mange variablar å ta omsyn til når lag skal vurderast i høve kvarandre:

- Alder og tal medlemmer
- Alder og tal aktive
- Aktivitetsnivå og -innhald
- Kostnader ved aktiviteten
- Kostnader ved ev. eige klubbhus/klubblokale

Ved tildeling i 2010 la rådmannen fram tankar om å bruke ein del av tilskotsmidlane meir prosjekttetta.

Kulturfondet var meint å skulle hjelpe lag med mindre, men nødvendige investeringar som det elles ville vere vanskeleg å finne plass til.

Slik statuttane for kulturfondet blei utforma, kan det søkjast om støtte til utstyrskjøp uavhengig av likviditet, og kulturfondet blir vanskeleg å skilje frå reine driftstilskot gjennom kulturmidlane.

Rådmannen gjer derfor framlegg om å erstatte kulturfondet med "Midlar til kulturprosjekt", som til ein viss grad fangar opp intensjonane bak kulturfondet.

Målet er å stimulere til nytenking og nyutvikling, slik at endå fleire får eit tilbod som treffer alder og interesse.

Eksempel på kva prosjektmidlane kan brukast til:

- Setje i gong eit nytt tilbod i eit lag. Få hjelp til å dekke utgifter til kursing, kjøp av utstyr og materiell.
- Gjennomføre eit kulturarrangement som t.d. ein festival.
- Mindre byggeprosjekt som ikkje blir fanga opp av spelemidlane.
- Hjelp til å halde opp eit tilbod som møter nye utfordringar.

Med utgangspunkt i ein sum på 250.000 kr gjer rådmannen framlegg om slik bruk:

Kulturmidlar (driftstilskot): kr 150.000,-

I eit mangfaldsperspektiv bør dei fleste frivillege lag som søker bli tilgodesett med midlar. Mesteparten må som kommunestyret har vedteke gå til kultur- og haldningsskapande arbeid for barn og unge. Lag som har driftskostnader ved eigne klubblokale bør få støtte til det.

Gjeldande statuttar for kulturmidlar skal brukast ved tildeling.

Midlar til kulturprosjekt: kr 100.000,-

Målet med prosjektmidlane er å stimulere til ny aktivitet. Det kan sjølvsagt også vere å ta vare på eit tilbod som møter nye utfordringar.

Rådmannen foreslår at prosjektmidlane blir lyst ut med lik sum kr 50.000,- i to omgonger; søknadsfrist 1. april og 1. september.

RÅDMANNENS FRAMLEGG TIL [innstilling]:

1. Skodje kommunestyre gjer om inkje vedtak frå 09.09.2008 om oppretting av kulturfond.

2. Skodje kommunestyre vedtek å opprette "Midlar til kulturprosjekt" med slike statuttar:

- Alle frivillige lag og organisasjonar registrert i Skodje kommune kan søkje.
- Målet med prosjektmidlane er m.a. å stimulere til ny aktivitet.
Eksempel på kva prosjektmidlane kan brukast til:
 - Setje i gong eit nytt tilbod i eit lag. Få hjelp til å dekke utgifter til kursing, kjøp av utstyr og materiell.
 - Gjennomføre eit kulturarrangement som t.d. ein festival.
 - Mindre byggeprosjekt som ikkje blir fanga opp av spelemidlane.
 - Hjelp til å halde oppe eit tilbod som møter nye utfordringar.
- Midlane skal lysast ut to gonger i året med søknadsfrist 1. april og 1. september. Det skal vere lik sum til fordeling i begge søknadsomgongane.
- Formannskapet vedtek løyvingane etter innstilling frå rådmannen.

3. Skodje kommunestyre vedtek at det årleg skal setjast av kr 250.000,- som kulturstøtte for lag og organisasjonar.

Kr 150.000,- skal gjevast som driftstilskot, med gjeldande statuttar for kulturmidlar som utgangspunkt for tildeling.

Kr 100.000,- skal gjevast som prosjektstøtte, med statuttane for "Midlar til kulturprosjekt" som utgangspunkt for tildeling.

MELDING OM ENDELEG VEDTAK TIL:



STATUTTAR FOR KULTURFONDET

1. Alle friviljuge lag og organisasjonar registrert i Skodje kommune kan søkje
2. Midlane skal brukast til heil eller delfinansiering av materiell/utstyr/hjelpemidlar så som t.d. ballar, nett, stolar, bord, notar, instrument, klokker, høgtalarar, div. tekniske hjelpemidlar.
3. Øvre grense for tildeling av midlar er kr. 10 000.
4. Det skal ikkje løyvast midlar til allereie fullfinansierte tiltak
5. Midlane skal lysast ut ein gong i året og saman med utlysing av kulturmidlane
6. Formannskapet vedtek løyvingane etter innstilling frå rådmannen



STATUTTAR FOR TILDELING AV KULTURMIDLAR

1. Formannskapet deler årleg ut kulturmidlar.

2. Kven kan søkje ?

Alle frivillige lag, organisasjonar og einskildpersonar som driv kulturarbeid i Skodje kommune, eller for innbyggjarar i Skodje kommune, kan søkje om kulturmidlar.

3. Prioriteringar

Kultur- og haldningsskapande arbeid for barn og unge skal prioriterast.

4. Krav til søknaden

Søknadsfristen er 1. april kvart år.

Søknaden skal vere på fastsett skjema.

Alle punkt skal ha relevante opplysningar.

Manglande utfylling kan vere grunnlag for å avvise søknaden.

Som vedlegg bør søknaden innehalde dokumentasjon på hovudpostane i rekneskap og aktivitetsplan. Årsmelding frå året før bør ligge ved.

Søknader som ikkje kjem inn innan fristen har ikkje krav på å bli handsama.